

---

Vår referanse 2021/51638-2  
Dato 09.11.2021

---

Alver kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

## Uttale - Søknad om dispensasjon frå regulert byggegrense til uttale - 22kv jordkablar - Knarvik og Holsnøy - Alver kommune

Vestland fylkeskommune viser til førespurnad frå Alver kommune om uttale til dispensasjons-søknad, datert 14.10.2021.

Søknaden gjeld dispensasjon frå regulert byggegrense mot fylkesveg 57 i samband med etablering av ny jordkabel, knytt til arbeid med forsterking av 22 kV-nettet i området mellom Isdalstø og Nordre Eidavika på Flatøy.

### Planstatus

Ved ilandføring i Isdal (Herlandsstø) vil jordkabelen liggja i område som er omfatta av reguleringsplanen «Isdal og Gjervik Ytre Blad I og II og III» med planID 1263-19650805 som er ein eldre plan.

Den gjeldande planen gjeld med supplering/ending av kommunedelplan for Knarvik - Alversund med Alversund med Alverstraumen sine føresegn, kor reguleringsplanen ikkje har eigne føresegn om temaet.

### Uttale

Tiltaket med etablering av ny jordkabel vil ligge i regulert område og difor er det Alver kommune som skal handsame søknaden. Men basert på dokumenta som ligg ved frå kommunen meiner vi det er lite informasjon om tiltaket. Sjølve brevet om forelegginga ligg ikkje ved og kartet for traseen manglar teiknforklaring.


Det er opplyst i brevet frå kommunen at forelegginga skal og vera sendt til Vestland fylkeskommune, men vi kan ikkje sjå at vi har fått inn noko informasjon om dette.

Tiltaket ligg svært nære fylkesvegen. På kartet med kabeltraseen kan det sjå ut til at den går under fylkesvegen, dette gjeld i retning Knarvik kor den svarte stipla linja ser ut til å gå i fylkesvegen.

Alver kommune har svara ut på forelegginga at i høve til kabeltrase i borehol under fylkesveg 57 må det avklarast med Vestland fylkeskommune. Vi kan ikkje sjå at dette er gjort og vi minner difor om at det må sendast søknad om graveløyve for tiltaket til Vestland fylkeskommune.

Informasjon om søknad om graving og framføring finn ein på nettsida vår:

<https://www.vestlandfylke.no/fylkesveg/loyve-og-dispensasjonar/grave-og-framforingsloyve/>



*Utsnitt frå kabeltraseen og utsnitt frå reguleringsplan*

Vi meiner oversendinga er mangelfull og ber difor om meir dokumentasjon av gjennomføring av tiltaket, og om ein ny frist for uttale.

Med helsing

Kari Elster Moen  
senioringeniør

Lillian Bakke Byrknes  
rådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*